

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Pleie og Omsorg

- **Stillingsstørrelsar, overtid, vikarbruk**
- **Kvalitet (avvik og avvikshandtering)**



Ørsta kommune

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS

- integritet, kvalitet og kostnadseffektivitet -

Forord

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS legg med dette fram eit forvaltningsrevisjonsprosjektet innan pleie og omsorgssektoren spesielt retta mot ;

- **Stillingsstørrelsar, overtid, vikarbruk**
- **Avvik og avvikshandtering..**

Forvaltningsrevisjon er ei lovpålagd oppgåve for alle kommunane i Noreg, og formålet med forvaltningsrevisjonen kjem fram av kommunelova §77 nr.4 :

" (...)Kontrollutvalget skal videre påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon).

Formålet med forvaltningsrevisjon er å sette søkelys på dagens situasjon og peike på muligheter for forbetring og vidareutvikling av den kommunale verksemda, samt avdekke eventuelle manglar.

Prosjektet er utført i henhold til standard for forvaltningsrevisjon -RSK001.

Rapporten er utarbeida av underteikna, med innspel frå kollegaer i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS. Det er føreteke vurderingar av uavhengigheit og objektivitet vedkomande dette prosjektet.

Kommunerevisjonen vil takke administrasjonen i Ørsta kommune for velvillig og nødvendig bistand i arbeidet med prosjektet.

Ulsteinvik, 01.07.2014

Alf Marius Grønnevik

Forvaltningsrevisor

Innholdsfortegnelse

SAMANDRAG	5
Anbefalingar	7
1 INNLEIING	8
1.2 Målsetting og problemstilling.....	8
1.3 Revisjonskriterier.....	9
1.3.1 Retningslinjer mot uønska deltid.....	9
1.3.2 Arbeidsmiljølova kapittel 10:.....	9
1.3.3 Forskrift om internkontroll i sosial- og helsetjenesten:	10
2 METODE OG GJENNOMFØRING	11
2.1 Dokument.....	11
2.2 Verifisering av data.....	11
2.3 Avgrensing	11
3 PROBLEMSTILLING 1.....	12
3.1. Innleiing:	12
3.2 Fakta	13
3.2.1 Tilsette i uønska deltid innanfor PLO 2013	13
3.2.2 Tilsette med låg stillingsprosent innanfor PLO:.....	16
3.3 Vurdering og konklusjon:	17
4 PROBLEMSTILLING 2	18
4.1 Overtid - fakta.....	18
4.1.1 Overtidskostnadar konto 10400 innanfor PLO.....	18
4.1.2 Overtidstimar innanfor PLO	19
4.1.3 Overtidstimar – vurdering og konklusjon.....	20
Eit av føremåla med prosjektet var å vurdere om overtidsbruken er så omfattande at ein bør vurdere nyttilsetjing i ordinære stillingar som eit alternativ.....	20
Overtidsbruk pr tilsett	21
4.2 Vikarbruk - fakta	21
4.2.1 Vikarkostnadar PLO	21
4.2.2 Vikartimar PLO.....	22
4.2.3 Bruk av eksterne vikarbyrå	24
4.2.4 Vikarbruk – vurdering og konklusjon:	25
5 PROBLEMSTILLING 3	27
5.1 Innleiing:	27

5.2 Fakta	27
5.2.1 Institusjonar (Ørstahheimen, Hjørundfjorden og Vartdal Helsetun):	27
5.2.2. Heimebasert omsorg sone aust og vest.....	30
5.2.3 Bu og habilitering	32
5.3 Vurdering og konklusjon:	33
6. ANBEFALINGAR.....	34
7 RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR.....	34

SAMANDRAG

Kontrollutvalet i Ørsta kommune gjorde 8.11.13 vedtak om å få gjennomført eit forvaltningsprosjekt innanfor pleie og omsorgssektoren. Prosjektet skulle vurdere om vedtak om minimum stillingsprosent vart praktisert, omfanget av vikarbruk og overtid og om mogeleg vurdere kvaliteten på omsorgstenestene då retta inn mot registrering av avvik og avvikshandtering. Kontrollutvalet godkjende den 27.02.14 prosjektplan i sak 13/14.

1. Har kommunen følgt opp retningslinjer kring minimum stillingsprosent og reduksjon i uønska deltid?

Kommunen har ikkje noko direkte vedtak som tilseier at ingen tilsette skal ha ein stillingsprosent lågare enn under 40%. Men administrasjonsutvalet utarbeida i 2006 retningslinjer for kommunen der målsettinga var at «*Innan utgangen av 2010 skal ingen tilsette i Ørsta kommune gå i fast uønska deltidsstilling som er mindre enn 40%*». Kommunen har derfor over fleire år hatt eit stort fokus på å redusere uønska deltid.

Revisjonen sin gjennomgang av pleie og omsorgssektoren viste at fleire av dei tilsette som gjekk i uønska deltid hadde fått auka stillingsstørrelsen i løpet av 2013 (14 av 50 tilsette). Ut i frå kartlegginga registrerte ein at fleire av dei deltidstilsette ønska berre ein liten auke i stillingsstørrelse på (ca 10-15%) i forhold til sin tidlegare stillingsstørrelse og om lag halvparten ønska utviding til 100% stilling. Dei fleste som rapporterte om uønska deltid hadde stillingsstørrelsar på mellom 70 og 90%. Av ca 30 tilsette med stillingsprosent mindre eller lik 40% hadde berre 7 rapportert om uønska deltid. Ein registrerte også i svært liten grad at deltidstilsette hadde teke på seg ekstraarbeid i form av ekstrahjel- og vikartimar. Ein såg derfor ingen samanheng mellom låg stillingsstørrelse og uønska deltid.

Kommunen har ikkje nådd dei måla som gjekk fram av retningslinjene som administrasjonsutvalet utarbeida i 2006 om at ingen skulle gå i fast uønska deltidsstilling. Personalavdelinga bør derfor fortsette å gjennomføre kartleggingar over uønska deltid blant dei tilsette.

2. Vurdere bruk av overtid og vikarbruk sett oppimot arbeidsmiljølova og vurdering kring ny tilsetjing som eit alternativ?

Overtidskostnadar og overtidstimar innanfor pleie og omsorg

Eit av føremåla med prosjektet var å vurdere om overtidsbruken er så omfattande at ein bør vurdere ny tilsetjing i ordinære stillingar som eit alternativ.

Det er teke utgangspunkt i det som er kostnadsført på konto for overtid, konto 10400. Dette gir imidlertid ikkje eit heilt korrekt bilde av overtidsbruken. Kommunen kompenserer for overtid på to måtar: Ved å betale ut ordinær overtid, eller ved at den tilsette avspaserar timane og får betalt ut overtidstillegget (diff overtid). Sistnemnde utløyser vikarbruk. Det vert forutsett at all overtidsbetaling gjeld ekstraordinært arbeid.

Kostnadane ført på konto for overtid samt estimerte vikarkostnadar knytt til diff. overtid innan pleie og omsorgssektoren viser 2,28 mill kr i overtidskostnadar i 2012 medan ein i 2013 hadde ein 1,6 mill, dvs at sektoren hadde ein reduksjon i overtidskostnadar på ca 0,65 mill kr i 2013 i forhold til 2012. Om ein vurderer overtidskostnaden opp i mot kva ei stilling kostar (600 000kr) pr år, ville kostnaden i 2012 utgjere 3,8 årsverk og i 2013 utgjere 2,67 årsverk.

Sum overtidstimar (ordinære og diff) på sektoren utgjorde 5482 timer i 2012 og 3766 timer i 2013. Dvs at antal timer har blitt redusert med 1716 timer i 2013 i forhold til året før. Eit årsverk i turnus utgjer 1568 timer. Dvs at overtidsbruken i 2012 utgjorde 3,5 årsverk og i 2013 2,4 årsverk.

Vikarkostnadar og vikartimar pleie og omsorg:

Kommunen hadde vikarkostnadar på hhv 12,1 mill kr i 2012 og 11 mill i 2013. Om ein legg til kostnadane knytt til innleige av eksternt vikarbyrå hadde kommunen totale vikarkostnadar på hhv 17,6 mill kr i 2012 og 19,2 mill kr i 2013. Totale vikarkostnadar minus refusjon sjukepengar utgjorde 11,4 mill kr i 2012 og 8,4 mill kr i 2013. Om ein vurderer kostnaden opp i mot kva ei stilling kostar (ca 600 000kr pr år), ville kostnaden i 2012 utgjere 19 årsverk og i 2013 utgjere 14 årsverk.

Omfang av overtidsbruk og vikarbruk :

Arbeidsmiljølova krev at antal overtidstimar pr tilsett ikkje skal overskride 200 timer i løpet av året. Ein registrerte ingen overskridinger i kontrollperioden mtp. arbeidsmiljølova si årlege grense, og generelt sett såg ein for begge åra at overtid i relativt liten grad vert nytta.

Det totale timetalet mtp. Vikarbruk og ekstrahjelp på 116 937 timer i 2013, og av desse utgjorde 49 046 timer knytt opp i mot vakante stillingar. Om ein skal vurdere det totale timetalet opp i mot ny tilsetting ville timane utgjere 74,5 årsverk i 2013. Mest vikartimar og ekstratimar var som venta knytt til personar som gjekk på variabel løn, eller som hadde låg stillingsprosent.

Viser til vedlegg 5 for ei detaljert oversikt over timebruk til dei tilsette (anonymisert) mtp ekstrahjelp, vikartimar og overtidsbruk.

Bruk av eksterne vikarbyrå

Ørsta kommune nyttar eksternt vikarbyrå innanfor PLO-sektoren, med samla kostnad på ca 5,5 millionar kr i 2011, 7,1 millionar i 2012 og 6,6 millionar kr i 2013. Om ein estimerar at eit sjukepleiarårsverk med tillegg kostar 0,6 mill kr i året utgjorde kostnaden til ekstern vikarbyrå 9,1 årsverk i 2011, 11,8 årsverk i 2012 og 11 årsverk i 2013. Bruken av vikarbyrå har både fordelar og ulemper (sjå kap 5.2.3 for meir informasjon).

Kommunen nyttar relativt store ressursar til vikarar og det bør vurderast om det kunne vere hensiktsmessig med fast tilsette i td vikarbanks. Men iflg adm. vart dette forsøkt tidleg på 2000-talet og fungerte ikkje.

3. Korleis er avvikshandtering og avviksregistrering innanfor plei og omsorgssektoren?

Dialog med einingsleiarane og gjennomgang av avviksoversikter og avviksrapporteringa viste at det er forskjellar i korleis avvika vert registrerte, handterte og gjennomgått innanfor dei forskjellige einingane i pleie og omsorgssektoren. Både avviksskjema og korleis dei ulike einingane kategoriseriar dei ulike avvika varierer også i større eller mindre grad. Det er vanskeleg å samanlikne avvika mellom dei ulike einingane då det ikkje er utarbeida ei felles norm for kva som skal karakteriserast som avvik. Felles rutinar og rapporteringsform vil gjere det mogeleg å samanlikne avviksrapportane mellom dei ulike einingane. Dette forutsett at tilsette får ei felles forståing for kva som skal karakteriserast som avvik som skal rapporterast, og dette må implementerast i heile organisasjonen. Ein viktig del av denne fellesrutinen bør være å innføre kvalitetsutvalsmøter ved alle einingane, der avvik, avviksrapportering og oppfølging vert tema.

Kommunen bør difor utarbeide eit felles avvikssystem og avviksskjema slik at tilsette som arbeidar ved dei forskjellige einingane får like rutinar og forholde seg til, og fleire einings-/seksjonsleiarar har signalisert at dei hausten 2014 vil byrje arbeide med å implementere eit nytt elektronisk avvikssystem som skal nyttast av alle einingane.

Det vert vist til kap 5.2 for detaljerte avviksrutinar og avviksoversikter (2012 og 2013) frå dei ulike einingane.

Anbefalingar

1. Rekneskapsinformasjonen mht totale overtidskostnader kan bli betre, og kommunen bør vurdere korleis ein kan innordne lønsrekneskapen for få samla alle kostnadene slik at brukarane av rekneskapen kan få eit korrekt informasjon.
2. Kommunen bør innføre felles rutinar kring registrering, handsaming, rapportering og oppfølging av avvik innanfor pleie og omsorgssektoren (felles avvikssystem), samt innføre kvalitetsutvalsmøte ved alle einingane, der avvik og avvikshandtering vert gjennomgått og følgd opp.

1 INNLEIING

Kontrollutvalet i Ørsta kommune gjorde 8.11.13 vedtak om å få gjennomført eit forvaltningsprosjekt innanfor pleie og omsorgssektoren. Prosjektet skulle undersøke om vedtak om minimum stillingsprosent vart praktisert, omfanget av vikarbruk og overtid og om mogeleg vurdere kvaliteten på omsorgstenestene då retta inn mot registrerte avvik ved uhell, feilmedisinering, fall o.l, og avvikshandtering. Kontrollutvalet godkjende prosjektplan den 27.02.14 i sak 13/14.

1.2 Målsetting og problemstilling

Det gjekk fram av kontrollutvalsmøte 08.11.13 og 27.02.14 målsettinga med prosjektet. Moment som kom opp og som kontrollutvalet ønskte belyst innanfor pleie og omsorg var blant anna:

- Om det ligg føre vedtak om minimum stillingsprosent og om dette vert praktisert.
- Omfanget av deltidstillingar.
- Er stillingsprosenten frivillig eller ufrivillig?
- Overtid: Bruken av overtid.
- Vikar: Vikarutgifter/Bruk av vikar/vikarbyrå.
- Tenestekvalitet: Korleis er kvaliteten på tenestene? Vurdere avviksregistrering og avvikshandtering.

Prosjektet belyser bruk av deltidstillingar, bruk av overtid og vikartenester innanfor PLO ved hjelp av ei deskriptiv analyse. Det vert og vurdert kvaliteten på tenestene innanfor PLO retta gjennom undersøking av avvikshandtering ved kontroll av avviksregistrering, avviksrapportering og oppfølging innanfor sektoren.

I samband med spørsmål kring uønska deltid (deltidsstilling) vil revisjonen ta utgangspunkt i datamaterial fra spørjeundersøking i 2012 og 2013. Undersøkinga gjekk på uønska deltid og blei sendt til alle deltidstilsette i kommunen (eksklusiv oppvekstsektoren), men berre tilsette innan PLO er vurdert i denne analysen

Følgjande problemstillingar er formålstenelege:

- 1. Har kommunen følt opp retningslinjer kring minimumsstillingsprosent og reduksjon i uønska deltid?**
- 2. Vurdere bruk av overtid og vikarbruk sett oppimot arbeidsmiljølova og vurdering kring ny tilsetjing som eit alternativ.**
- 3. Korleis er avvikshandtering og avviksregistrering innanfor pleie og omsorgssektoren?**

1.3 Revisjonskriterier

Innsamla data er vurdert opp mot revisjonskriteriet i form av lover, regelverk og andre relevante kommunale vedtak og retningslinjer. Kriteria er uteia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon.

I den deskriptive delen var det ikkje nytta revisjonskriterium. Når det gjeld dokumentanalysen, er denne vurdert opp mot lover, forskrifter og kommunen sine reglement/rutinar m.m.

Sentrale retningslinjer/lovverk i samband med prosjektet:

1.3.1 Retningslinjer mot uønska deltid

Den 04.04.06 vedtok administrasjonsutvalet i Ørsta kommune retningslinjer mot uønska deltid. Av retningslinjene gjekk det fram:

Hovudmål

Innan utgangen av 2010 skal ingen tilsette i Ørsta kommune gå i fast uønska deltidsstilling som er mindre enn 40%.

1. *Faste stillingar under 40% må ikkje lysast ut før ein har sett på alle moglegheiter for utviding av alle småstillingar i og utanfor eige verksemdområde.*
2. *Alle ledige stillingar over 6 månader skal meldast til ein stillingsbank på intranet av sakshandsamar. Desse stillingane skal utlysast internt med søknadsfrist på 14 dagar. Tilsette med uønska deltid må sjølve søkje på stillingane. Dersom ingen har søkt på stillinga innan fristen er sakshandsamar ansvarleg for å ta stillinga ut av stillingsbanken og lyse den ut i aktuelle media.*
3. *Ein gong i året skal alle sektorar sende ut førespurnad til sine einingar om kven som ønskjer endra stillings% eller endra arbeidsstad.*
4. *Ordninga skal evaluerast vår 2008 og slutteevaluerast vår 2011.*

1.3.2 Arbeidsmiljølova kapittel 10:

Arbeidstid utover arbeidsmiljølova sine grenser for alminnelig arbeidstid er overtidsarbeid. Dersom det blir arbeida utover avtalt arbeidstid, men innanfor lova sine grenser for alminnelig arbeidstid (40 timer i løpet av 7 dagar) vil dette være såkalla meirarbeid. Overtid vert det først når det arbeidast ut over dette. Det går fram av lova at overtidsarbeidet ikkje må overstige:

- 10 timer i løpet av syv dager

- 25 timer i fire samanhengande veker
- 200 timer i løpet av eit år

All overtid som overstig 200 timer pr år må vere frivillig frå arbeidstakaren si side. I tillegg må det være inngått avtaler med fagforeining eller så skal det ligge føre ein særskilt uttalelse frå Arbeidstilsynet. Overtidsarbeidet etter tillatelse frå arbeidstilsynet må aldri overstige 400 timer i løpet av eit år.

Det vil sei att overtid er det når ein arbeidar utanfor lova sine grenser til alminnelig arbeidstid.

1.3.3 Forskrift om internkontroll i sosial- og helsetjenesten:

Forskrift om internkontroll i helse- og omsorgstjenesten går det fram av § 4 «Innhold i internkontrollen»:

Internkontroll innebærer at den/de ansvarlige for virksomheten skal:

f) Skaffe oversikt over områder i virksomheten hvor det er fare for svikt eller mangel på oppfyllelse av myndighetskrav.

I dette ligg det at verksemda skal ha ei systematisk gjennomgang av sine tjenester og resultat for å finne dei aktivitetar eller prosessar det er fare for svikt eller brot på regelverket. Eksempel på tiltak i denne samanheng kan vere:

- Etablere ordning for registrering av feil og uønska hendingar.
- Bruk av avviksmeldingar

g) Utvikle, iverksette, kontrollere, evaluere og forbedre nødvendige prosedyrer, instruksjoner, rutiner eller andre tiltak for å avdekke, rette opp og forebygge overtredelse av sosial- og helselovgivningen.

Det ligg til leiar å følgje med den daglege drifta og passe på at tiltak og tenester fungerar som planlagt. Dette kan gjerast gjennom bla.

- Rutinemessig rapportering frå medarbeidrarar
- Overvåking av avvik, klager, ventetid osv
- Gjennomgang av mål- og resultatoppnåelse
- Praksisbesøk

h) foreta systematisk overvåking og gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer som forutsatt og bidrar til kontinuerlig forbedring i virksomheten.

2 METODE OG GJENNOMFØRING

Metode er eit samleuttrykk for dei framgangsmåtar som er nytta for å kunne svare på dei ulike problemstillingane. Undersøkinga har vi gjennomført på grunnlag av innhenta dokument, statistikk og rekneskapsanalysar, samt informasjon frå personalsystemet til kommunen. Ein har også nytta intervju og spørjeundersøking.

2.1 Dokument

Dei viktigaste dokumenta vi har undersøkt er:

- Økonomisystem
- Lønn og personalsystemet
- Vedtak og retningslinjer i høve minimums stillingsprosent og uønska deltid
- Interne avviksrutiner og rapporterte avvik
- Møtereferat frå kvalitetsutvalsmøter
- Spørjeundersøking utarbeida av Ørsta kommune

2.2 Verifisering av data

Rapporten er etter standard for forvaltningsrevisjon, oversendt rådmannen for uttale 17.07.14. Uttalen gjeld forhold som er omtala jfr RSK 001 i rapporten.

2.3 Avgrensing

Det vart ikkje gjennomført spørjeundersøking mht ufrivillig deltid då kommunen sjølv hadde gjennomført dette både i 2012 og 2013. Det er derfor nytta talmaterialet frå kommunen sine spørjeundersøkingar.

3 PROBLEMSTILLING 1

Har kommunen følgt opp retningslinjer kring minimum stillingsprosent og reduksjon i uønska deltid?

3.1. Innleiing:

Status 2008

Likestillingsutvalet hadde i møte den 12.06.08 opp orienteringssak – retningsliner mot uønska deltid i Ørsta kommune. Det gjekk fram av saksframlegget utarbeida av lønn og personalleiar i kommunen at «*Som det går fram av vedlagte retningsliner er målet med retningslinene at ingen innan utgangen av 2010 skal gå i fast uønska deltidsstilling som er mindre enn 40%.....*

Leiarar i Ørsta kommune følgjer no desse retningslinene ved ledige deltidsstillingar. Nokre gonger lyser Ørsta kommune ut deltidsstillingar både internt og eksternt for ikkje å tape tid dersom det ikkje skulle melde seg interne søkerar.

Det blei satt ned ei prosjektgruppe som skulle jobbe med evalueringa.

Status 2009

I kommunestyremøtet 12.05.2009 låg rapporten til prosjektgruppa føre og det blei gjort vedtak om at:

1. *Kommunestyret sluttar seg til tilrådingane frå utvalet oppnemnt av f-skapet 18.oktober 2008, til tiltak for å redusere omfanget av uønskt deltid i Ørsta kommune.*
2. *Dersom endra arbeidstidsordningar føreset å ha større økonomiske konsekvensar, må dette godkjennast for tiltak kan settast i verk.*

Status 2011 og 2012

Rådgjevar i personalstaben har informert om at arbeidet kring uønska deltid ikkje er vidareført med eige vedtak etter 2011. I kommunestyremøtet 17.02.2012 blei det i interpellasjon til ordførar stilt spørsmål om å gjere greie for korleis statusen med omsyn til småstillingar.

I svar på interpellasjonen gjekk det fram at status i 2009 var at kartlegginga viste at 93 av 406 tilsette hadde mindre enn 40% stilling (23%) og at 48 av desse ynskte utviding av deltidsstillinga si.

Vidare gjekk det fram i svaret på interpellasjonen at i 2011 har talet på tilsette med mindre enn 40% stillingsstorleik blitt redusert og at talet på tilsette med små stillingsbrøkar i dag (2012) gjeld mellom 60-70 tilsette. Det vert også hevda at uønskt deltid truleg er redusert med 30-50% sidan 2009.

I tilsettingsreglementet for Ørsta kommune, vedteke i adm.utvalet 28.06.12, går det fram i punkt 1 at: Stillingar under 40% bør ikkje lysast ut eksternt.

Ein kan derfor konkludere med at det ikkje ligg føre noko direkte vedtak på at kommunen ikkje kan lyse ut stillingar under 40%, men ut i frå saksgangen og tilsettingsreglementet er det eit klart mål for kommunen å i så stor grad som mogeleg unngå stillingsprosentar under 40%. Kommunen har dei siste åra hatt eit stort fokus på å redusere uønska deltid.

3.2 Fakta

3.2.1 Tilsette i uønska deltid innanfor PLO 2013

Ørsta kommune gjennomførte siste kartlegging av tilsette i uønska deltid våren 2013. Det blei utarbeida ei oversikt som blei publisert i leiarforumet 22.04.13 og det blei vidare gjennomført ei oppdatering av lista 16.08.13. Undersøkinga var avgrensa til å gjelde alle faste tilsette på deltid, med unntak av skule og barnehage der det var god oversikt frå før. Kartlegginga var sendt til 260 tilsette og ein mottok svar frå 105 (svarprosent på 40,4%). 44 tilsette svarte at dei ønska deltid medan 58 gjekk i uønska deltid. 50 av dei som gjekk i uønska deltid arbeida innanfor PLO. Ein må anta at dei som, ikkje hadde svart var fornøgde med stillingsstørrelsen.

Ein har utarbeida ei oversikt over dei ulike einingane/ avdelingane der det var meldt om uønska deltid (kap 3.2.1.1 – 3.2.1.13). Av oversikta går det fram antal tilsette i fast stilling, antal tilsette i 100% stilling, antal tilsette i uønska deltid og generell info om stillingsstørrelsane til vedkomande. Ein undersøkte vidare om dei tilsette som meldte om uønska deltid våren 2013 hadde fått auka stillingsstørrelse i løpet av året og evt kor mange ekstrahjel- og vikartimar dei tilsette i uønska deltid hadde i 2013.

Gjennomgangen viste at dei fleste i uønska deltidsstilling berre ønskte å auke stillingsstørrelsen med 10-15%, og om lag halvparten ønskte 100% stilling. Ein registrerte også at dei fleste som rapporterte om uønska deltid hadde stillingsprosentar mellom 70 og 90%. I tillegg bør det nemnast at kartlegginga til kommunen ikkje fangar opp alle dei som går på variabel lønn.

Bu og habiliteringstenesta sone 2:

Ved Bu- og habiliteringstenesta jobba det pr 31.12.13, 17 tilsette i fast stilling, der fire av dei tilsette hadde 100% stilling. Ut i frå spørjeundersøkinga 22.04.13 gjekk det fram at tre tilsette gjekk i uønska deltid. Ingen av dei tre hadde under 40% stilling og stillingsstørrelsen varierte mellom 50 og 75%. Ingen av dei tilsette ønskte å auke til 100% stilling (ønskte auke på 10-15%).

Ingen av dei tre tilsette som rapporterte om uønska deltid har fått auke i stillingsstørrelsen sin pr 31.12.13. Det var registrert variable timer på to av dei tilsette i 2013. Den eine hadde

tilsaman 420 variable timar der 222 av desse var ført mot konto 10100 (vakanse). Den andre tilsette hadde tilsaman 120 variable timar.

Heimebasert omsorg sone aust:

Ved HBO- sone aust jobba det pr 31.12.13, 31 tilsette i fast stilling (eksludert vikarar, midlertidig tilsette og engasjement), der seks av dei tilsette hadde 100% stilling. Ut i frå kartlegginga gjekk det fram at åtte tilsette gjekk i uønska deltid. To av dei åtte hadde under 40% stilling (20%). Ein av dei to tilsette hadde fått auka stillingsprosenten til 74%, den andre var ikkje registrert som tilsett pr 31.12.13.

Dei seks resterande tilsette hadde stillingsstørrelsar mellom 52 og 90%. to av dei tilsette ønskte å auke til 100% stilling. Ingen av dei tilsette med stillingsprosent over 40% hadde fått auke i stillingsstørrelsen sin pr 31.12.13.

Det var registrert variable timar på sju av dei tilsette i 2013. Fem av dei hadde under 100 variable timar kvar. Den eine i 20% stilling hadde til saman i overkant av 900 variable timar der 444 av desse var ført mot konto 10100 (vakanse) og 300 var ført mot sjukevikar. Den andre tilsette hadde til saman 116 variable timar.

Heimebasert omsorg sone vest:

Ved HBO- sone vest jobba det pr 31.12.13, 28 tilsette i fast stilling (eksludert vikarar og midlertidig tilsette), der sju av dei tilsette hadde 100% stilling. Ut i frå spørjeundersøkinga gjekk det fram at sju tilsette gjekk i uønska deltid, der ingen av dei hadde under 40% stilling og stillingsstørrelsen varierte mellom 50 og 90%. Tre av dei tilsette ønskte å auke til 100% stilling. I løpet av 2013 hadde fire av fem tilsette fått auka stillingsprosenten (hhv 52% til 90%, 50% til 70%, 60% til 75% og frå 70% til 100%).

Det var registrert variable timar på seks av dei tilsette i 2013. Fire av dei hadde under 100 variable timar kvar. Ein i 50% stilling hadde til saman ca 380 variable timar der 183 av desse var ført mot konto 10100 (vakanse) og 92 var ført mot sjukevikar. Ein annan tilsett i 70% stilling hadde til saman 225 variable timar (56 vakans og 112 sjukevikar).

Helse og velferd:

Ved helse og velferd jobba det pr 31.12.13, sju tilsette i fast stilling (eksludert vikarar og midlertidig tilsette og engasjement), der fire av dei tilsette hadde 100% stilling. Ut i frå spørjeundersøkinga gjekk det fram at ein tilsett gjekk i uønska deltid, den tilsette hadde over 40% stilling, og hadde ikkje fått auka stillingsstørrelsen pr 31.12.13. Det var ikkje registrert variable timar på vedkomande i 2013 (ekstrahjelp, vikartimar).

Helsestasjonen:

Ved helsestasjonen jobba det pr 31.12.13, ni tilsette i fast stilling (eksludert vikarar og midlertidig tilsette og engasjement), der to av dei tilsette hadde 100% stilling. Ut i frå spørjeundersøkinga gjekk det fram at ein tilsett gjekk i uønska deltid. Vedkomande hadde

over 40% stilling, og hadde ikkje fått auka stillingsstørrelsen pr 31.12.13. Det var registrert 9,25 timer ekstrahjelp på vedkomande i 2013.

Psykisk helsevern:

Ved Psykisk helsevern jobba det pr 31.12.13, 11 tilsette i fast stilling (eksludert vikarar og midlertidig tilsette og engasjement), der fire av dei tilsette hadde 100% stilling. Ut i frå spørjeundersøkinga gjekk det fram at fem tilsette gjekk i uønska deltid, alle tre tilsette hadde over 40% stilling. Ein av dei tilsette fekk auka stillingsstørrelsen frå 75 % til 85% (ønskte 90%), medan ein annen fekk auka frå 75% til 100% i 2013. Dei tre andre i uønska deltid hadde ikkje fått auka stillingsstørrelsen pr 31.12.13.

Det var registrert variable timer dei fem tilsette i 2013. Tre av dei hadde under 100 variable timer kvar. Ein i 50% stilling hadde til saman ca 351 variable timer der 171 av desse var ført mot konto ferievikar og 71 var ført mot sjukevikar. Ein annan tilsett i 70% stilling hadde til saman 278 variable timer (139 sjukevikar og 54 ekstrahjelp).

Vartdal helsetun:

Ved Vartdal helsetun jobba det pr 31.12.13, 14 tilsette i fast stilling (eksludert vikarar og midlertidig tilsette), der to av dei tilsette hadde 100% stilling. Ut i frå spørjeundersøkinga gjekk det fram at seks tilsette gjekk i uønska deltid, der to av dei tilsette hadde under 40% stilling (19,6% og 37%). Berre ein av dei fem tilsette i uønska deltid hadde fått auka stillingsprosenten (frå 50% til 90%) i løpet av 2013. fire av dei fem tilsette som var registrert i uønska deltid var ikkje registrert som arbeidstakar pr 31.12.13.

Det var registrert variable timer på alle dei seks tilsette i 2013. Tre av dei hadde over 400 variable timer kvar (hhv 616t, 536t, og 443t) Desse var i stor grad mest knytt opp i mot vakanse og sjukevikar.

Solkroken (Ørstaheimen):

Ved Solkroken jobba det pr 31.12.13, 23 tilsette i fast stilling (eksludert vikarar og midlertidig tilsette), der fem av dei tilsette hadde 100% stilling. Ut i frå kartlegginga gjekk det fram at seks tilsette gjekk i uønska deltid, der ingen av dei hadde under 40% stilling og stillingsstørrelsen varierte mellom 70 og 91%. fem av dei tilsette ønskte å auke til 100% stilling. Ingen hadde fått auka stillingsprosenten i løpet av 2013.

Det var registrert variable timer dei fem tilsette i 2013. Fire av dei hadde mellom 100 og 200 variable timer kvar. I tillegg hadde ein i 75% stilling hadde til saman ca 346 variable timer der 163 av desse var ført mot sjukevikar og 102 var ført mot ferievikar.

Korttidsavdelinga (Ørstaheimen):

Ved korttidsavdelinga jobba det pr 31.12.13, 18 tilsette i fast stilling (eksludert vikarar og midlertidig tilsette og engasjement), der fem av dei tilsette hadde 100% stilling. Ut i frå spørjeundersøkinga gjekk det fram at ein tilsett gjekk i uønska deltid. Den tilsette hadde

under 40% stilling (13,4%). Det var registrert 450 timer mot vakansekonto og 88 timer mot sjukevikar, totalt hadde den tilsette 576 variable timer i 2013.

Kjøkken:

Ved kjøkkenavdelinga jobba det pr 31.12.13, 17 tilsette i fast stilling (eksludert vikarar og midlertidig tilsette og engasjement), der 5 av dei tilsette hadde 100% stilling. Ut i frå spørjeundersøkinga gjekk det fram at to tilsette gjekk i uønska deltid som begge hadde over 40% stilling. Den eine tilsette fekk auka stillinga si frå 44% til 60% medan den andre hadde fått stillingsstørrelsen sin redusert (71% til 50%) pr 31.12.13. Det var registrert hhv 34 og 52 varibale timer på dei to tilsette i uønska deltid.

Hjørundfjordheimen:

Ved Hjørundfjordheimen jobba det pr 31.12.13, 32 tilsette i fast stilling (eksludert vikarar og midlertidig tilsette), der fire av dei tilsette hadde 100% stilling. Ut i frå kartlegginga gjekk det fram at seks tilsette gjekk i uønska deltid, der ingen av dei hadde under 40% stilling, og stillingsstørrelsen varierte mellom 70% og 91%. 4 av dei tilsette ønskte å auke til 100% stilling. 5 av 6 hadde fått auka stillingsprosenten i løpet av 2013 (hhv frå 75% til 90%, 75 til 85%, 75% til 90, 87% til 90% og frå 70% til 75%).

Det var registrert variable timer dei fem tilsette i 2013. Fire av dei hadde mellom 15 og 110 variable timer kvar. I tillegg hadde to over 200 timer (hhv 229 og 236 timer) desse timane var i all hovudsak knytt opp i mot vakante stillingar og sjukevikar.

Bakketun:

Ved Bakketun jobba det pr 31.12.13, 21 tilsette i fast stilling (eksludert vikarar og midlertidig tilsette og engasjement), der tre av dei tilsette hadde 100% stilling. Ut i frå spørjeundersøkinga gjekk det fram at ein tilsett gjekk i uønska deltid, den tilsette hadde over 40% stilling. Vedkomande var ikkje registrert som tilsett pr 31.12.13.

Buavdelinga (Ørstaheimen):

Ved Buavdelinga jobba det pr 31.12.13, 18 tilsette i fast stilling (eksludert vikarar og midlertidig tilsette og engasjement), der tre av dei tilsette hadde 100% stilling. Ut i frå kartlegginga gjekk det fram at ein tilsett gjekk i uønska deltid, den tilsette hadde under 40% stilling (19,4%). Vedkomande hadde ikkje fått auka stillingsstørrelsen pr 31.12.13

Det var registrert 746 variable timer på den tilsette i 2013, (596 t vakanse og 142 sjukevikar).

3.2.2 Tilsette med låg stillingsprosent innanfor PLO:

Tabellen nedanfor viser korleis stillingsstorleikar innanfor pleie og omsorgssektoren er fordelt blant fast tilsette. Oversikta frå perioden 2011 – 2013 viser at mellom 26-31 tilsette

har hatt stillingsstørrelsar mindre enn eller lik 40%. (Det er teke høgde for at tilsette kan ha to eller fleire stillingar.

Tabell 1: Stillingsstorleikar innanfor PLO 2011-2013

År	Fast tilsette 1-40% stilling	Fast tilsette 41-75% stilling	Fast tilsette 76-99% stilling	Fast tilsette i 100% stilling
2011	31	121	63	95
2012	26	133	55	99
2013	27	118	65	94

3.3 Vurdering og konklusjon:

Kommunen har ikkje nokon direkte vedtak som seiar at ingen tilsette skal ha ein stillingsprosent lågare enn under 40%. Derimot har kommunen over fleire år hatt eit stort fokus på å redusere uønska deltid og administrasjonsutvalet utarbeida i 2006 retningslinjer for kommunen der det gjekk fram at «*Innan utgangen av 2010 skal ingen tilsette i Ørsta kommune gå i fast uønska deltidsstilling som er mindre enn 40%*».

Personalavdelinga si kartlegging i 2013 viste at fleire av dei tilsette som gjekk i uønska deltid innanfor pleie og omsorg hadde fått auka stillingsstørrelsen i løpet av året (14 av 50 tilsette).

Ut i frå kartlegginga registrerte ein at fleire av dei deltidstilsette ønska berre ein liten auke i stillingsstørrelse på ca 10-15% i forhold til sin tidlegare stillingsstørrelse og om lag halvparten av alle som meldte om uønska deltid ønska 100% stilling.

Dei fleste som rapporterte om uønska deltid hadde stillingsstørrelsar høgare enn 40%. Ein registrerte at av ca 30 tilsette med stillingsprosent mindre eller lik 40% hadde berre 7 rapportert om uønska deltid. Ein registrerte også i svært liten grad at deltidstilsette hadde teke på seg ekstraarbeid i form av ekstrahjelpe- og vikartimar. Ein såg derfor ingen samanheng mellom låg stillingsstørrelse og uønska deltid eller mykje vikartimar. Ut i frå kartlegginga hadde dei fleste i uønska deltid stillingsstørrelsar på mellom 70% og 90%.

Kommunen har ikkje nådd dei måla som gjekk fram av retningslinjene som administrasjonsutvalet utarbeida i 2006 om at ingen skulle gå i fast uønska deltidsstilling som var mindre enn 40%. Derimot registrar ein at fleire av dei tilsette som rapporterte om uønska deltid våren 2013 hadde fått auka stillingsstørrelsen sin i løpet av året. Alt tyder derfor på at kartlegginga har hatt positiv effekt og bidrege til å redusere uønska deltid i kommunen. Personalavdelinga bør derfor fortsette å gjennomføre slike kartleggingar.

4 PROBLEMSTILLING 2

Vurdere bruk av overtid og vikarbruk sett oppimot arbeidsmiljølova og vurdering kring ny tilsetjing som eit alternativ.

4.1 Overtid - fakta

4.1.1 Overtidskostnadar konto 10400 innanfor PLO

For å vurdere kostnaden ved overtid, er det naturleg å ta utgangspunkt i det som er kostnadsført på konto for overtid i rekneskapen: konto 10400. Dette gir imidlertid ikkje eit heilt korrekt bilde av overtidskostnaden. Kommunen kompenserer for overtid på to måtar: Ved å betale ut ordinær overtid, eller ved at den tilsette avspaserar timane og får betalt ut overtidstillegget jfr. pkt. 4.2.2(vurdering). Det vert forutsett at all overtidsbetaling gjeld ekstraordinært arbeid.

Kostnaden i tabellen under viser det som er registrert på ovannemnde konto for overtid innanfor pleie og omsorgssektoren fordelt på dei ulike avdelingane i 2011, 2012 og 2013. Og overtidskostnader i % av totale fastlønsutgifter (fastlønn og faste tillegg) på dei respektive avdelingane.

Tabell 2 :Overtidskostnadar konto 10400. 2011-2013

Avdelingar	2011	%	2012	%	2013	%
Administrasjon Helse og sosial	-	-	21053	0,61	-	-
Sosialavdelinga	-	-	11930	0,30	-	-
Helse og velferd	-	-	-	-	3064	0,09
Psykisk helsevern	21562	0,62	104580	2,88	44484	1,10
Bu- og habiliteringstenesta	89388	0,71	204317	1,52	126913	0,85
HBO - sone aust	169373	2,01	335468	3,70	270022	2,39
HBO - sone vest	126761	1,44	327883	3,68	276271	2,75
HBO - Sone Vartdal	-	-	-	-	44643	0,90
Vartdal helsetun	173665	1,37	200867	1,55	136750	2,22
Hjørundfjordheimen	295658	2,09	401915	2,88	237467	1,88
Bakketun	30451	0,47	160056	2,39	71714	1,07
Korttidsavdelinga	120065	2,43	132944	2,30	82416	1,17
Buavdeling	142092	2,20	126770	1,99	50881	0,72
Solkroken	142405	1,95	106943	1,31	136453	1,50
Kjøkken	14508	0,60	11711	0,43	17221	0,35
Felles vaskeri	-	-	935	0,12	-	-
FDV - HS - Sentrum	2031	0,11	15223	0,80	-	-
Dagsenter - Viketunet	-	-	-	-	6893	0,83
Tildeling og forvaltning	-	-	-	-	1093	0,04
Sum	1327959		2162595		1506285	

Ein registrerte forskellar i bruken av overtid innanfor dei ulike avdelingane innan PLO. Det kan nemnast at i 2012 og i 2013 hadde HBO- sone aust og vest dei største

overtidskostnadane sett opp i mot fastlønnskostnadane ved avdelingane. Vidare går det fram av oversikta at pleie og omsorgssektoren hadde i 2011 overtidskostnadar på 1,3 mill kri 2011, 2,16 mill kr i 2012 og 1,5 mill kr i 2013.

4.1.2 Overtidstimar innanfor PLO

Tabell 3 nedanfor viser korleis antal overtidstimar «ordinære» og «diff» (både utbetalte overtidstimar og timer som tilsette avspaserer og får utbetalte overtidstillegget, der vikarar må leigast inn) innanfor dei ulike avdelingane fordelte seg i 2012 og 2013 viser til vedlegg 1 for ei meir detaljert oversikt:

Tabell 3 Overtidstimar PLO

Avdelingar	2012			2013		
	Sum overtidstimar	Sum diff. overtid	Sum totalt	Sum overtidstimar	Sum diff. overtid	Sum totalt
Administrasjon Helse - og sosial	32.65	8	40.65	0	0	0
Sosialavdelinga	33.5	0	33.5	0	0	0
Helse og velferd			0	8.33	0	8.33
Psykisk helsevern	230.5	5.5	236	94	7	101
Dagsenter - Viketunet			0	15	0	15
Bu- og habiliteringstenesta	497.92	26.08	524	326.12	7.75	333.87
HBO - sone aust	828.59	77.75	906.34	623.5	57.75	681.25
HBO - sone vest	795.93	68	863.93	568.91	162.3	731.21
HBO - Vartdal			0	105.85	0	105.85
Vartdal helsetun	470.02	15.85	485.87	298.57	16.75	315.32
Hjørundfjordheimen	903.18	14.6	917.78	509.38	19.25	528.63
Bakketun	389.45	24.5	413.95	163.23	7.25	170.48
Korttidsavdelinga	326.55	20.5	347.05	187.83	14	201.83
Buavdeling	284.38	106.1	390.48	115	48.25	163.25
Solkroken	243.75	38.75	282.5	310.09	22.25	332.34
Kjøkken	40.65	0	40.65	86.7	0	86.7
SUM	5077	406	5483	3412.51	362.55	3766.73

Ser ein nærmare på kva type overtid som vert nytta ved sektoren registrerer ein at det i liten grad vert nytta diff overtid (differansen vert utbetalte, medan resten vert avspasert). Diff overtid utgjorde i 2012, 406 timer som utgjer 7,4% av det totale timetalet på 5482 timer. I 2013 var diff overtid på 362 timer som utgjorde 9,6% av det totale timetalet på 3766.

I 2012 utgjorde overtidstimar med 50% (diff og ordinære) 882 timer, 222 timer gjaldt overtidstimar med 133% og dei resterande 4378 timerne gjaldt 100%. Hadde ein brukt meirkostnaden som overtidstillegget utgjer til ordinær tilsetjing, ville dette utgjort ca 3,26 årsverk.

I 2013 utgjorde overtidstimar med 50% (diff og ordinære) 641 timar, 182 timar gjaldt overtidstimar med 133% og dei resterande 2951 timane gjaldt 100%. Hadde ein brukt meirkostnaden som overtidstillegget utgjer til ordinær tilsetjing, ville dette utgjort ca 2,24 årsverk.

Det vart og vurdert omfang av ordinære overtidstimar knytt til kvar enkelt tilsett innanfor PLO. (sjå vedlegg 5 for detaljert (anonymisert oversikt)). I 2012 registrerte ein 17 tilsette som hadde over 50 timer ordinærovertid. I 2013 såg ein en generelt sett eit lågare gjennomsnittleg antal ordinære overtidstimar knytt til kvar enkelt tilsett og berre 6 tilsette hadde over 50 timer overtid i løpet av året.

4.1.3 Overtidstimar – vurdering og konklusjon

Eit av føremåla med prosjektet var å vurdere om overtidsbruken er så omfattande at ein bør vurdere nyttilsetjing i ordinære stillingar som eit alternativ.

Overtidskostnader som er registrert i den off.rekneskapen kan gi misvisande informasjon då kommunen registerer for overtid på to måtar: utbetaling av overtidstimar inkludert tillegget, eller ved at den tilsette avspaserer timane og får utbetalt overtidstillegget (diff overtid). Tabell 2 ovanfor (side 18) gir derfor eit misvisande bilde på kva overtida faktisk kostar for kommunen. Tilsette som avspaserar "overtida" får utbetalt berre overtidstillegget og avspaserar, noko som fører til behov for vikarar. Denne kostnaden blir bokført på konto for vikarar. Kommunen bør vurdere om det er muleg å innordne rekneskapen på ein slik måte at den faktiske overtidskostnaden kjem fram.

Kostnadane ført på konto for overtid viste at pleie og omsorgssektoren hadde 2,16 mill kr i overtidskostnadar i 2012 medan ein i 2013 hadde 1,5 mill. Kommunen har hatt ein reduksjon i overtidskostnadar på ca 0,65 mill kr i 2013 i forhold til 2012.

Samla overtidstimar på sektoren utgjorde 5482 timar i 2012 og 3766 timar i 2013. Dvs at antal timar har blitt redusert med 1716 timar i 2013 i forhold til året før. Eit årsverk i turnus utgjer 1568 timar. Dvs at overtidsbruken i 2012 utgjorde 3,5 årsverk. I 2013 utgjorde overtidsbruken 2,4 årsverk. Om ein vurderer overtidskostnaden opp i mot kva ei stilling kostar (ca 600 000kr pr år), vil kostnaden i 2012 utgjere 3,8 årsverk og i 2013 utgjere 2,67 årsverk.

Kommunen nyttar også diff. overtid i mindre grad noko som også påverkar vikarbruken ved at færre tilsette må avspasere overtida som resulterer i at ein slepp å tilkalle vikar ved avspasering.

Det kan vere mange grunnar til at bruk av overtid er nødvendig. Utviding av stillingsstørrelsar for deltidstilsette vil naturleg nok medføre at ein har færre tilsette som kan delta i helgavakter eller steppe inn når uventa situasjonar oppstår. Kvilande nattevakter utløyser overtid når dei må være operative. I tillegg er pleie og omsorgssektoren ei «tung avdeling», der behova skiftar og uforutsette hendingar lett kan oppstå. Dette kan også vere ei medverkande årsak til bruk av overtid.

Overtidsbruk pr tilsett

Arbeidsmiljølova seier at antal overtidstimar pr tilsett ikkje skal overskride 200 timer i løpet av året. Ein registrerte ingen overskridningar i kontrollperioden mtp. arbeidsmiljølova si årlege grense på 200 timer overtid. Og generelt sett såg ein for begge åra at overtid i liten grad vert nytta. Dette må kanskje sjåast i samanheng med at kommunen brukar eksterne vikarbyrå på tilkalling eller ved uforutsette situasjonar, i staden for å nytte tilsette som ein veit vil utløyse overtid (sjå kap 5.2.3 får meir informasjon kring bruk av eksternt vikarbyrå).

4.2 Vikarbruk - fakta

4.2.1 Vikarkostnadar PLO

Det er naturleg å ta utgangspunkt i det som er kostnadsført på dei ulike kontoane for vikarbruk: 10200 «ferievikarar», 10201 «sjukevikarar» og 10202 «andre vikarar». Kjøp av eksterne vikartenester kjem i tillegg. Tabellane nedanfor viser det som er registrert på ovannemnde konti (interne), kostnadane knytt til bruk av eksternt vikarbyrå, refusjon sjukepengar og totale lønskostnadar på dei ulike ansvar innanfor PLO i kontrollperioden 2012 og 2013. Siste kolonna i tabellane viser netto vikarkostnad i % av fastløn ved avdelinga.

Ansvar innanfor PLO: 2012	Interne vikarkostnadar	Kostnad eksternt vikarbyrå	Sum vikarkostnadar	Sum Refusjon sjukepengar	Sum totale lønskostnadar	% av fastløn
Sosialavdelinga	0	0	0	-208,767	3,886,924	-5.37
Offentleg helseteneste	0	0	0	-65,878	2,566,444	-2.57
Helsestasjonen	20,795	0	20,795	-125,967	2,432,718	-4.32
Legetenestene	0	0	0	0	1,987,983	0.00
Psykisk helsevern	667,369	0	667,369	-454,950	3,275,859	6.48
Dagsenter - Viketunet	31,547	0	31,547	-2,426	738,607	3.94
Bu- og habiliteringstenesta	1,674,328	0	1,674,328	-1,130,978	11,778,542	4.61
Heimetenester felles	0	0	0	0	1,847,784	0.00
HBO - sone aust	1,448,878	1,065,262	2,514,140	-1,035,012	8,128,351	18.20
HBO - sone vest	1,328,281	653,051	1,981,332	-626,284	8,009,659	16.92
Vartdal helsetun	1,333,036	1,494,541	2,827,577	-506,196	11,614,921	19.99
Hjørundfjordheimen	1,718,718	128,231	1,846,949	-920,022	12,348,487	7.51
Felles avd. Institusjonar	82,965	74,153	157,118	-13,458	2,367,371	6.07
Bakketun	1,218,422	488,551	1,706,973	-857,062	5,759,738	14.76
Korttidsavdelinga	447,552	898,050	1,345,602	-383,640	5,131,277	18.75
Buavdeling	901,542	1,547,488	2,449,030	-849,776	5,655,278	28.28
Solkroken	828,141	762,995	1,591,136	-451,514	6,952,100	16.39
Kjøkken	347,772	0	347,772	-174,384	2,618,558	6.62
Felles vaskeri	109,648	0	109,648	-16,413	782,304	11.92
	12,158,994	7,112,322	19,271,316	-7,822,727	97,882,904	11.7

Ansvar innanfor PLO: 2013	Sum interne vikarkostnadar	Kostnad eksternt vikarbyrå	Sum vikarkostnadar	Sum refusjon sjukepengar	Sum totale lønskostnadar	% av fastløn
Helse og Velferd	80,467	0	80,467	-246,393	3,330,529	-4.98
Helsestasjonen	133,122	0	133,122	-120,556	2,519,718	0.50
Legeteneste	12,499	0	12,499	-13,852	1,391,837	-0.10
Fysio- og ergoterapiteneste	156,509	0	156,509	-313,926	1,661,534	-9.47
Psykisk helsevern	753,419	0	753,419	-412,557	3,619,416	9.42
Dagsenter - Viketunet	26,303	0	26,303	-16,467	760,627	1.29
Bu- og habiliteringstenesta	183,444	0	183,444	24,122	1,751,208	11.85
Bu- og habiliteringstenesta -	990,112	0	990,112	-960,879	6,678,373	0.44
Bu- og habiliteringstenesta -	435,763	0	435,763	-290,950	4,663,541	3.11
Heimetenester felles	59,297	0	59,297	-71,353	799,650	-1.51
HBO - sone aust	1,176,513	1,336,127	2,512,640	-1,518,047	10,159,304	9.79
HBO - sone vest	1,153,523	611,859	1,765,382	-837,686	8,938,440	10.38
HBO - Vartdal	625,548	0	625,548	-496,367	4,334,844	2.98
Tildeling og forvaltning	0	0	0	-72,841	2,735,559	-2.66
Vartdal helsetun	503,705	39,696	543,401	13,818	5,371,854	10.37
Hjørundfjordheimen	1,275,410	0	1,275,410	-591,625	10,982,505	6.23
Felles avd. Institusjonar	114,057	76,774	190,831	-275,927	3,831,607	-2.22
Bakketun	946,295	1,115,039	2,061,334	-670,217	5,780,088	24.07
Korttidsavdelinga	365,712	1,449,006	1,814,718	-453,464	6,195,180	21.97
Buavdeling	505,213	1,349,907	1,855,120	-899,622	6,195,573	15.42
Solkroken	834,124	636,769	1,470,893	-792,020	7,543,557	9.00
Kjøkken	673,888	0	673,888	-285,543	4,748,328	8.18
Felles vaskeri	52,031	0	52,031	2	821,084	6.34
	11,056,954	6,615,177	17,672,131	-9,302,350	104,814,354	7.99

Som det går fram av tabellane ovanfor hadde kommunen i 2012 samla «interne» vikarkostnadar på 12,1 mill kr. Refusjon sjukepengar var totalt på 7,8 mill kr. Vikarkostnad knytt til eksternt vikarbyrå var på 7,1 mill kr (sum vikarkostnadar 19,2 mill kr eksl.ref. sjukepengar). I 2013 hadde kommunen samla interne vikarkostnadar på 11 mill kr, Refusjon sjukepengar var totalt på 9,3 mill kr. Vikarkostnad knytt til eksternt vikarbyrå var på 6,6 mill kr (sum vikarkostnad 17,7 mill kr eksl.ref. sjukepengar).

4.2.2 Vikartimar PLO

Revisjonen gjekk også i gjennom og såg på brukte vikartimar og timer ekstrahjelp på dei ulike avdelingane innanfor PLO. Oversikta nedanfor viser totale timetalet mtp ekstrahjelp og vikarbruk. Det vert vist til vedlegg 3 for ei meir detaljert framstilling.

Avdelinger 2013	Konto 10100 Vakanse	Konto 10200 Ferlevikar	Konto 10201 Sjukevikar	Konto 10202 Andre vikarar	Konto 10300 Ekstrahjelp	Sum timer
Offentleg helseteneste	14	0	0	0	7	21
Helse og Velferd	0	0	151	0	120	271
Helsestasjonen	0	18	24	0	83	125
Legeteneste	0	0	0	0	8	8
Psykisk helsevern	676	1142	834	92	772	3516
Dagsenter - Viketunet	14	81	30	8	30	163
Bu og habiliteringstenesta	2546	174	701	41	1103	4565
Bu og habiliteringstenesta sone 1	5313	2202	1381	183	4370	13449
Bu og habiliteringstenesta sone 2	3227	1335	706	151	598	6017
Heimetene steder felles	0	184	34	83	6	307
HBO - sone aust	2927	1059	3937	500	655	9078
HBO - sone vest	4223	2246	2156	393	386	9404
HBO - Vartdal	1792	1297	1793	125	85	5092
Vartdal helsetun	4191	1568	850	221	410	7240
Hjørundfjordheimen	5294	4432	1456	978	154	12314
Fellesavd. Institusjonar	0	113	166	42	0	321
Bakketun	3953	2045	2362	322	6241	14923
Kortidsavdelinga	4453	345	1313	85	1148	7344
Buavdeling	7375	494	2083	99	546	10597
Sølkroken	1872	2505	1643	82	434	6536
Kjøkken	1174	2071	1748	131	179	5303
Felles vaskeri	0	325	13	0	3	341
Totalsum	49046	23636	23381	3536	17338	116937

Som det går fram av tabellen ovanfor var det totale timetalet mtp ekstrahjelp og vikarbruk på 116 937 timer i 2013, og av desse utgjorde 49046 timer knytt opp i mot vakante stillingar. Konto 10100 er variable timer som er knytt opp i mot vakante stillingar og som vert budsjettet og ført mot fastlønn i rekneskapssystemet. Om ein skal vurdere det totale timetalet opp i mot ny tilsetting ville timane utgjere 74,5 årsverk i 2013. Der 31 av årsverka var knytt opp mot konto 10100 «vakanse».

Ein har også utarbeida ei oversikt som viser fordelinga mellom vakansetimar, vikartimar, ekstrahjelptimar og overtidstimar på kvar enkelt tilsett (sjå vedlegg 5). For 2013 såg ein samanheng mellomstillingsprosent og vikartimar. Høgast andel vikartimar og ekstrahjelptimar var knytt til personar som gjekk på variabel løn, eller som hadde låg stillingsprosent.

Ein registrerte ingen tilsette som hadde over 1600 variable timer (eksklusiv overtidsstimar). Sju tilsette (ingen fast tilsette) hadde mellom 1556 og 1305 variable timer. Dette utgjer mellom 80 til 100% av eit årsverk i turnus. 8 tilsette (ingen faste tilsette) hadde mellom 1000 og 1300 variable timer. Dette tilsva mellom ca 60 og 80 % av eit årsverk i turnus. 33 tilsette hadde mellom 600 og 1000 variable timer. Seks av dei hadde faste stillingar, der 4 hadde under 30% stillingsstørrelse og to tilsette hadde stillingsstørrelse på hhv 50 og 70% pr 31.12.12. Dette utgjer mellom 40 til 60% av eit årsverk i turnus.

Basert på stillingsoversikt utarbeida av løn og personalavdelinga var det 33 tilsette med fast stilling under 40% pr 31.12.12 (sjå vedlegg 5). Dei 33 tilsette hadde til saman 5846 variable timer som utgjør ca 3,7 årsverk. Det var totalt 306 tilsette som var registrerte med variable timer, men som ikkje var registrerte som fast tilsette. Dei hadde til saman 91 966 variable timer, noko som ville utgjere 58,6 årsverk i turnus.

4.2.3 Bruk av eksterne vikarbyrå

Kommunen nyttar eit eksternt vikarbyrå som leverar tenester innan helse, pleie og omsorgssektoren. Selskapet utfører tenester til om lag 80 kommunar i landet og deira verksemd går i stor grad ut på å leige ut medarbeidarar til sjukeheimar, heimesjukepleie, bufellesskap, BPA og private helseinstitusjonar.

Det er utarbeida rammeavtale med vikarbyrået 30. juni 2011, og det går fram av spesifikasjonen at vikartenestene skal dekke Ørsta kommune sitt ekstraordinære behov der kommunen sjølv ikkje klarer å dekke opp med eigne vikarar tilsett i kommunen. Alle verksemder innan omsorgssektoren, som har behov for eksterne sjukepleiarvikarar skal nytte seg av rammeavtalen. Avtalen går ut i 2014 og seksjonsleiar for institusjonane har planlagt å legge ut nytt anbud frå 2015 i samarbeid med dei seks andre kommunane på Søre Sunnmøre.

Tabellen nedanfor er utarbeida med bakgrunn i rekneskapstal registrert på leverandøren og kontoane 13700 «Kjøp av tenester frå andre/driftsavtalar» og 12700 «konsulenttenester» (begge kontoane vert nytt). Tabellen viser kostnadane PLO sektoren har knytt til leverandøren i perioden 2011-2013.

Ansvar	2011	2012	2013
HBO - Sone aust	10,773	1,065,262	1,336,127
HBO - sone vest	33,843	653,051	611,859
Vartdal helsetun	1,673,658	1,494,541	39,696
Hjørundfjordheimen	0	128,231	0
Felles avd. Institusjonar	112,650	74,153	76,774
Bakketun	40,000	488,551	1,115,039
Korttidsavdelinga	214,796	898,050	1,449,006
Buavdeling	1,673,753	1,547,488	1,349,907
Solkroken	1,798,793	762,995	636,769
Sum	5,558,266	7,112,322	6,615,177

Som det går fram av tabellen ovanfor hadde kommunen ein samla kostnad på ca 5,5 millionar kr i 2011, 7,1 millionar i 2012 og 6,6 millionar kr i 2013 knytt til leverandøren.

Einingsleiarane hevdar at bruken av vikarbyrå både har fordelar og ulemper:

Fordelane ved ei slik ordning er at det gir kommunen fleksibilitet ved sjukdommar, permisjonar osv. Det er vikarbyrået som er ansvarlege for lønn, feriepengar, arbeidsgivaravgift, forsikringar, sjukepengar osv og kommunen betalar berre for faktisk frammøte. Kommunen unngår dermed uforutsigbare lønnsutgifter ved sjukdom osv. Vikarbyrået har også tilgang til personale med spesielle kvalifikasjonar. Dette gjer det enklare og raskare å få på plass vikarar med nødvendige kvalifikasjonar. Dei vikarane som kommunen nytta bur i Ørsta noko som fører til at dei møter på kort varsel ved tilkalling. Einingsleiarane trekk også fram at alle vikarane er svært kompetente og teknisk dyktige i det arbeidet dei gjer.

Ulempene som vert peika på ved ei slik ordning er at det kan vere dyrare å bruke vikarbyrå framfor eigne tilsette, og alle einingsleiarane revisjonen har vore i kontakt med presiserer at vikarbyrået berre vert nytta i dei tilfelle ein ikkje har eigne tilsette til rådighet. Vikarane som kommunen har nytta kjem hovudsakelig frå Aust-Europa noko som i startfasen førte til ein del språk- og kulturproblem, noko som skapte frustrasjon både blant brukarar og tilsette. Spesielt såg ein utfordringar kring dette i heimesjukepleia der vikarane jobbar sjølvstendig ute i heimane til brukarane og brukarane hadde problem med å forstå og kommunisere med vikarane.

4.2.4 Vikarbruk – vurdering og konklusjon:

Vikarkostnadar

Kommunen hadde vikarkostnadar på hhv 12,1 mill kr i 2012 og 11 mill i 2013. Om ein då trekk i frå refusjon sjukepengar på hhv 7,8 mill kr i 2012 og 9,3 mill kr i 2013 var den interne vikarkostnaden på 4,3 mill kr i 2012 og 1,7 mill kr i 2013. I tillegg kjem kostnadane ved bruk av eksternt vikarbyrå. Samla totale vikarkostnadar på hhv 11,4 mill kr i 2012 og 8,4 mill kr i 2013. Om ein vurderer totalkostnad opp i mot kva ei stilling kostar (ca 600 000kr pr år), ville kostnaden i 2012 utgjere 19 årsverk og i 2013 utgjere 14 årsverk. Det skal derimot nemnast at kommunen har hatt ei positiv utvikling med reduserte vikarkostnadane sett opp i mot det totale lønsutgifter på nesten 4% i 2013.

Vikartimar

Revisjonen undersøkte antal timer som var registrert på kvar enkelt tilsett innanfor sektoren. For 2013 såg ein i stor grad samanheng mellom stillingsprosent og vikartimar. Høgaste andel vikartimar og ekstratimar var knytt til personar som gjekk på variabel løn, eller som hadde låg stillingsprosent. Om ein skal vurdere det totale timetalet opp i mot ny tilsetting ville timane utgjere 74,5 årsverk i 2013. Ein registrerte ein del personar som gjekk på variabel løn som hadde eit relativt høgt antal variable timer i løpet av året. 15 tilsette hadde mellom 1600 – 1000 timer noko som ville tilsvare ei 100%-60% stilling i turnus.

I tillegg nyttar kommunen eksternt vikarbyrå i relativt stor grad, noko som også er med å påverke vikarbruken blant eigne tilsette. Kommunen nyttar også diff. overtid i mindre grad

noko som også påverkar vikarbruken ved at færre tilsette må avspasere overtida som resulterer i at ein slepp å tilkalle vikar ved avspasering.

Vikarbyrå

Bruk av eksternt vikarbyrå utgjorde ein samla kostnad på ca 5,5 millionar kr i 2011, 7,1 millionar i 2012 og 6,6 millionar kr i 2013. Om ein estimerar at eit sjukepleiarårsverk kostar 0,6 mill kr i året utgjorde kostnaden til ekstern vikarbyrå 9,1 årsverk i 2011, 11,8 årsverk i 2012 og 11 årsverk i 2013. Rekneskapen viser derfor at Ørsta kommune nyttar selskapet i stor grad ved fleire av einingane innanfor PLO.

Kommunen nyttar relativt store ressursar til vikarar, både egne og vikarbyrå, og det er rimleg at det ville vore hensiktsmessig med eigen vikarbank der kommunen hadde egne tilsette og avdelingane kunne «leige» inn ved behov. I følgje administrasjonen vart dette prøvd tidleg på 2000-talet og fungerte ikkje.

5 PROBLEMSTILLING 3

Korleis er avvikshandtering og avviksregistrering innanfor PLO?

5.1 Innleiing:

Kontrollen er avgrensa til å undersøke avviksregistrering og avvikshandteringen ved Hjørundfjordheimen, Vartdal helsetun, Bu og habiliterings tenesta, Ørstaheimen, Heimebasert omsorg- Aust, Heimebasert omsorg - vest ved å sjå på antal registrerte avvik ved einingane, og kva type avvik som er registrert.

5.2 Fakta

Pleie – og omsorgssektoren er pålagt å registrere alle avvik i tenesta. Formålet med dette arbeidet er at alle uønska avvik, klager, og ulykker skal bli registrert og handtert på ein riktig og effektiv måte som bidreg til at dei involverte tek lerdom av hendingar og førebygg at hendinga skjer igjen.

Det vart gjennomført dokumentanalyser og intervju med seksjonsleiar på institusjon og bu og habilitering i tillegg til einingsleiarar i heimebasert omsorg. Nedafor går det fram avviksrutinar og avviksoversikter frå dei ulike avdelingane nemnt i innleiinga.

5.2.1 Institusjonar (Ørstaheimen, Hjørundfjorden og Vartdal Helsetun):

Avviksrutinar

Dei tre institusjonane i Ørsta kommune har tilnærma like avviksrutinar. Den enkelte som oppdagar eller vert gjort oppmerksam på avvik fyller ut avviksskjema og leverer til einingsleiar. Einingsleiar vurderer avvika etter kvart, dersom det er behov for strakstiltak vert dette sett i verk umiddelbart. Gjeld avviket medikament eller skader på pasient vert avviket gitt vidare til tilsynslege ved institusjonen. Om ikkje avviket krev strakstiltak vert det kvittert for at avviket er lest og det vert lagt i perm for oppsamling til kvalitetsutvalsmøte. Avvik direkte knytt pasient/brukar (for eksempel, fall, feil medisin) vert loggført i pasientjournalen i «Gerica» (elektronisk pasientjournalsystem).

Ved dei tre institusjonane vert det gjennomført quartalsvise kvalitetsutvalsmøter, der avviksmeldingar vert gjennomgått. På desse møta deltek institusjonslege, verneombod og einingsleiarar.

Avviksskjemaet er likt ved dei ulike institusjonane. På avviksskjemaet vert det blant anna skreve utfyllande om hendinga, kva behandling som er sett i verk og kva som er gjort for å unngå at hendinga skjer på nytt.

Ved Ørstaheimen har ein også eit eige infeksjonskontrollprogram (eige kontrollsksjema for infeksjonar som går direkte på avdekking og oppfølging av infeksjonar. Dette vert også teke med på kvalitetsutvalsmøta for gjennomgang.

Seksjonsleiar for institusjonane hevdar at terskelen for kva som vert karakteriser og registrert/ rapportert som avvik varierer frå tilsett til tilsett og frå institusjon til institusjon. Alvorlegheitsgrada kan derfor variere og antal avvik treng ikkje alltid å vere samanfallande med därleg kvalitet på tenestene. Dette gjer det også vanskeleg å samanlikne avvika mellom dei ulike einingane då det ikkje er utarbeida ei felles norm for kva som skal karakteriserast som eit avvik..

Tabellane nedanfor er basert på møtereferat frå kvalitetsutvalsmøta 2012 og 2013.

Avvik Ørstaheimen

Avvik 2012	Jan Feb Mar	Apr Mai Jun	Juli Aug Sep	Okt Nov Des	Sum
Fall	41	64	58	106	269
Medisin	20	31	24	46	121
Anna (slag, spark, osv)	7	40	62 (58)	196 (176)	305 (234)
Urinvegs infeksjonar	25	33	25	39	122
Hud/sårinfeksjonar	12	15	9	8	44
Luftvegsinfeksjon	8	5	6	11	30
Augeinfeksjonar	4	5	3	1	13
Omgangssjuke	17	4	0	1	22

Dei høge tala knytt til «anna» gjeld slag og spark (vald) frå spesielt ein brukar på tilsette der 58 av 62 avvik 3.kvartal og 176 av 196 var knytt til denne personen 4. kvartal. Mtp fall er mange av desse avvika knytt opp i mot enkeltpersonar som fell hyppig. Av møtereferata i kvalitetsutvalet 2012 gjekk det ikkje fram alvorlegheitsgrada ved dei avvika som blei registrert (medisin, fall, anna).

Avvik 2013	Jan Feb Mar	Apr Mai Jun	Juli Aug Sep	Okt Nov Des	Sum
Fall	72	57	67	58	254
Medisin	44	39	33	32	148
Anna (slag, spark, osv)	108 (94)	93 (79)	53	158 (101)	412 (274)
Urinvegs infeksjonar	11	16	12	15	54
Hud/sårinfeksjonar	7	4	6	0	17
Luftvegsinfeksjon	8	13	6	4	31
Augeinfeksjonar	2	1	4	0	7
Omgangssjuke	1	0	0	2	3
Influensa	4	0	0	0	4

Dei høge tala knytt til «anna» gjeld slag og spark (vald) frå spesielt ein brukar. Avvika som gjeld eine brukaren er satt i parentes. I 2013 medførte fall minst 10 tilfelle med alvorlege

skadar (3 bekkenbrot, 2 lårhalsbrot, 1 kompresjonsbrot i rygg, 1 underarmsbrot, 2 ribbeinsbrot (1 med alvorleg lungeskade som komplikasjon og ein alvorleg sårskade i finger).

Avvik Hjørudfordheimen

Avvik 2012	Jan Feb Mar	Apr Mai Jun	Juli Aug Sep	Okt Nov Des	Sum
Fall	19	9	30	22	80
Medisin	1	2	4	2	9
Anna (vald, pasientar som låser seg ut, osv)	17	0	7		24
Infeksjonar	18	9	7	14	39

Av dei 80 fall avvika som var registrerte i 2012 førte 2 av dei til lårhalsbrot. Av dei 9 medisinavvika er det meldt om at 3 av dei var kategorisert som mindre alvorlege, 1 var middels alvorleg og 1 var alvorleg.. Av infeksjonar blei det i 2012 registrert 10 urinvegsinfeksjonar, 2 sårinfeksjonar og 4 nedre luftvegsinfeksjonar.

Avvik 2013	Jan Feb Mar	Apr Mai Jun	Juli Aug Sep	Okt Nov Des	Sum
Fall	32	21	18	14	85
Medisin	8	6	0	1	15
Anna (vald, pasientar som låser seg ut, osv)	22	12	6	2	42
Personal	3	0	1	0	3
Urinvegs infeksjonar	6	7	2	11	26
Andre infeksjonar	1	0	0	1	2
Luftvegsinfeksjonar	10	3	2	6	21
Augeinfeksjonar	0	1	0	0	1
Omgangssjuke	0	1	0	0	1
Influensa	1	0	0	0	1

Av dei 85 registrerte avvika knytt til fall blei det registrert 1 armbrot og 3 lårhalsbrot. Av medisinavvika er det meldt om 1 alvorleg og 5 mindre alvorlege avvik.

Avvik Vartdal helsetun

Avvik 2012	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Juli	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Sum
Utstyr												1	1
Fall	6	6	5	4	1	3	4	4	1	3	5	1	43
Medisin	1	2	1		4	1	4	2	1	1	1	2	20
Anna						2		1	1	1			5
Personal										3	1		4
Infeksjonar	1		7	3	2	2	1	1			1	1	18

Det går fram av årsrapport (kvalitetsutvalsmøtet at 2-3 pasientar går i gjenn ved fall, i tillegg består avvika knytt til infeksjonar i hovudsak av urinvegsinfeksjonar og luftvegsinfeksjonar

Avvik 2013	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Juli	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Sum
Utstyr	1												1
Fall	3	3	3	3		1	1		6		4	1	25
Medisin	5	1	2	3		4	1	4	3	1	6	4	34
Anna	3	1	1	1	1			1	1	2			10
Personal	3					1					1		5
Infeksjonar	4	3	1		2				3	1	2		16

Eininga registrerte fleire medisinavvik i løpet av året. Av kvartalsrapportane går det fram at 2 av avvika har vore alvorlege der medisinen har vore gitt til feil pasient. I tillegg er 3 av avvika knytt til funn av tablettar på golvet. Det går fram av årsrapport frå kvalitetsutvalet at ein har gjort endringar i dosett- rutinar.

5.2.2.Heimebasert omsorg sone aust og vest

Avviksrutinar

Dei to einingane innfor heimebasert omsorg (sone aust og vest) har tilnærma like avviksrutinar, men som skil seg ein del i frå rutinane ved institusjonane i kommunen.

Når det vert avdekkja avvik vert avviksskjema fylt ut og levert einingsleiar som lukkar dei om det let seg gjere. Avvika vert ført inn i eiga avviksoversikt utarbeida i excel. Ved avvik direkte knytt til pasient/brukar vert dette i tillegg ført inn i pasientjournalen i Gerica. Ved avvik knytt til skade og medikament i forhold til brukar vert evt fastlege kontakta. Einingane gjekk tidlegare i gjennom avvika på kvalitetsutvalsmøte, men etter omorganiseringa i 2012 har ein ikkje kome i gong med denne rutina igjen. Det er derfor einingsleiar som behandler, vurderer og sett i verk tiltak. Einingsleiarar hevdar at ein vil starte opp med slike møter hausten 2014, men pr. i dag vert avvika gått i gjennom på tillitsvalsmøter. Det vert skreve referat frå desse møta, der avvik er eit fast tema. Spesielle forhold kring avvika som går fram av møtet vert skreve ned.

Avviksskjemaet som vert nytta skil seg frå skjemaet ved institusjonane og fangar ikkje opp alvorlegheitsgrada til dei ulike avvika. Einingsleiar sone aust informerte om at det vil bli innført elektronisk avvikssystem felles for alle einingane, der dette vil verte innarbeidd.

Avvik Heimebasert omsorg sone vest

Avvika er basert på eininga si eiga oversikt. Det går ikkje fram informasjon om alvorlegheitsgrada ved dei ulike avvika.

Avvik 2012	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Juli	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Sum
Feil i dosett					1								1
Medisin til feil brukar, feil dose, feil tid				1									4
Ikkje gitt/fått medisin	2	5	1	4	7						4		23
Ikkje signert				2									2
Brukar ikkje fått hjelp (gløymt på lista)	8	4	5			7							24
Skade personal													
Fall bruker	12	2	2			3					5	2	26

Revisjonen registrerte mangelfull rapportering for fleire månadar i 2012. Ein såg same tendens også i 2011. På spørsmål om kva som var bakgrunnen for den manglande avviksregistreringa vert det opplyst at ny einingsleiar starta i stillinga i 2013 og at mangelfull rapportering skuldast periodar utan fast leiar som har ført til at avvika ikkje har blitt følgjt opp, og det ligg ikkje føre avviksinformasjon på dei forhold som revisjonen avdekte.

Avvik 2013	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Juli	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Sum
Feil i dosett				4	1								5
Medisin til feil brukar, feil dose, feil tid				8	1			3					12
Ikkje gitt/fått medisin	1		10					1	1	1	1		15
Avvik narkotikaperm		1											1
Brukars ikkje fått hjelp (gløymt på lista)	1		6	1				1	2				11
Skade personal				1								1	2
Fall bruker			2	5	2				1			1	11

Det låg ikkje føre utfyllande avviksinformasjon som beskrev avvika, alvorlegheitsgrad og evt tiltak som har vore sett i verk.

Avvik Heimebasert omsorg sone aust 2012 og 2013

Avvika er basert på eininga si eiga oversikt. Det går ikkje fram informasjon om alvorlegheitsgrada ved dei ulike avvika.

Avvik 2012	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Juli	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Sum
Feil i dosett						1		1				1	3
Medisin til feil brukar	1						1	2					4
Ikkje gitt/fått medisin	13	3	6	4	4	2	4	1	1	6	1		45
Fått dobbel dose med.				1									1
Fall dag	1	1	1					1		1			5

Fall Kveld							1			2		1	4
Fall Natt													
Tilsett svikt i rutiner	7	1	1		2	3	3		1	3	2		21
Arb. Belastn tilsett	5		6							1			12

Avvik 2013	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Juli	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Sum
Feil i dosett	1										2	2	5
Medisin til feil brukar													0
Ikkje gitt/fått medisin		5	3	3	3		1	7	4	1	5		32
Fått dobbel dose med.	1				1						1	1	4
Fall dag									1				1
Fall Kveld	1										1		2
Fall Natt													0
Tilsett svikt i rutiner	1	1		1	2		1	1			1		8
Arb. Belastn tilsett		1			2				1				4

5.2.3 Bu og habilitering

Avviksrutinar

Seksjon Bu- og habilitering har eigne avviksrutinar. Avvik vert registrert på eige avviksskjema og vert levert til einingsleiar. Avvika vert gjennomgått på samarbeidsråd og personalmøter. Det vert derimot ikkje skreve møtereferat frå desse møta. Vidare vert avvika talt opp av og til, men det ligg ikkje føre noko detaljert oversikt over dei ulike avvika, alvorligheitsgrad osv. Sektoren har ikkje gjennomført oppteljing for 2013.

Ved avvik knytt direkte til brukar/pasient vert dei ført inn i pasientjournalen i Gerica på kvar enkelt brukar. Seksjonsleiar ved bu og habilitering hevdar at dei fleste brukarane har tiltaksplanar i Gerica og at avvik knytt til denne (for eksempel medisinering) vert loggført under tiltaksplanen. Dette gjer det lett og finne fram til avvik på kvar enkelt brukar som har tiltaksplan.

Ved avvik knytt til skade og medikament vert sjukepleiar, vernepleiar eller evt fastlege kontakta. Ved seksjonen er det ikkje krav til kvalifikasjonar hos dei som gir ut medisin. Opplæringsrutinen til dei tilsette er difor viktig og det er utarbeida opplæringssystem der einingsleiar kvitterar for når dei ulike opplæringsmåla er gjennomført/gjennomgått. Det er også utarbeida eigne rutinar til enkelte av brukarane som dei tilsette må gjere seg kjent med, og kvittere for at dei har forstått. Det ligg ikkje føre oppfølgingsrutinar.

Avvik Bu og habilitering

Bu og habilitering har ikkje utarbeida noko kategorisert avviksoversikt slik som det har vore gjort ved dei andre einingane. Det har heller ikkje vore gjennomført avviksopptelling for 2013, og seksjonsleiar hevdar at slik opptelling vil verte gjennomført i nærmaste framtid.

Seksjonsleiar hevdar at avvika i stor grad gjeld medisinhandtering og brot i rutinar (kvalitet på tenestene).

År	Avvik
2011	93
2012	87
2013	Ikkje rapportert

5.3 Vurdering og konklusjon:

Dialog med einingsleiarane og gjennomgang av avviksoversikter og avviksrapporteringa viste at det er relativt forskjellar i korleis avvika vert registrerte handtere og gjennomgått innanfor dei forskjellige einingane i pleie og omsorgssektoren. Avviksskjema og korleis dei ulike einingane kategoriseriar dei ulike avvika variera også i større eller mindre grad.

Kommunen bør difor utarbeide eit felles avvikssystem og avviksskjema slik at tilsette som arbeidar ved dei forskjellige einingane får like rutinar og forholde seg til. Det vert hevdat at fleire av einings-/seksjonsleiarane at ein på hausten 2014 vil byrje arbeide med å implementere eit nytt elektronisk avvikssystem som skal nyttast av alle einingane.

Felles rutinar og rapporteringsform vil gjere det mogeleg å samanlikne avviksrapportane mellom dei ulike einingane i større grad enn tidlegare men dette forutset at dei tilsette har felles forståelse for kva som skal karakteriserast som eit avvik som skal rapporterast inn. Ein bør derfor utarbeide eit felles rundskriv/ avviksrutine som må implementerast i organisasjonen.

Avviksoversiktene vi har motteke fra dei ulike avdelingane varierer også i forhold til korleis ein kategoriserer dei ulike avvika. Og kva avvik som vert registrerte. I tillegg registrerte ein ved enkelte av avdelingane lenger periodar der det ikkje er registrerte avvik.

Avviksrutinane og kvartalsrapportane frå kvalitetsutvalsmøta ved dei tre institusjonane vil skape meir fokus på avvikshandtering og oppfølging av avvik for å forbetre rutinane og redusere avvik.

6. ANBEFALINGAR

1. Rekneskapsinformasjonen mht totale overtidskostnader kan bli betre, og kommunen bør vurdere korleis ein kan innordne lønsrekneskapen for få samla alle kostnadene slik at brukarane av rekneskapen kan få eit korrekt informasjon.
2. Kommunen bør innføre felles rutinar kring registrering, handsaming, rapportering og oppfølging av avvik innanfor pleie og omsorgssektoren (felles avvikssystem), samt innføre kvalitetsutvalsmøte ved alle einingane, der avvik og avvikshandtering vert gjennomgått og følgd opp.

7 RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR

MERKNADER TIL UTARBEIDDE FORVALTNINGSREVISJONSSRAPPORT INNAN PLEIE- OG OMSORG

Kommunerevisjonen har bedt rådmannen komme med merknader til utarbeidd rapport etter oppdrag frå kontrollutvalet i Ørsta.

Revisjonen har konkretisert oppdraget ved å undersøke 3 område. Merknader til desse vert kommentert kvar for seg i tillegg til tilrådingane for vidare oppfølging i kommunen knytt til moglegje forbedringar innan dei cinskilde områda som er reviderte.

Først vil Rådmannen gje ros for ei grundig kartlegging som innehold nyttige fakta og gir eit godt grunnlag for vidare arbeid innan pleie og omsorgstenestene. Rapporten viser til at det er gjort tiltak med gode resultat gjennom målretta arbeid på nokre område, men også utfordringar som kommunen må arbeide vidare med gjennom endringsarbeid eller nye tiltak.

1. Har kommunen følt opp retningslinjer kring minimum stillingsprosent og reduksjon i uønska deltid ?

Innan pleie- og omsorg viser rapporten at kommunen har medverka aktivt for å auke stillingsprosenten til tilsette som har ynskt større fast stilling.

Ørsta ynskjer å ha fokus på og arbeide for ein tydeleg "heiltidskultur".

AML sine bestemmingar om rett til tilsetting tilsvarande stillingsstorleiken ein har arbeidd siste år, er fulgt opp når den tilsette har ynskt det og gjort krav på fast tilsetting.

Det er ikkje dokumentert kor mange som har fått slik utviding av stillinga si, men rådmannen er og kjend med at fleire tilsette som har gjort krav på utviding av stillinga si, men rådmannen til dette, når ledig stillingsheimel ville føre til meir arbeid t.d i helger.

Personalstabben vil syte for at det systematisk vert gjennomført årlege undersøkingar av uønska deltid som del av arbeidet med kommunen sitt arbeid med ein heiltidskultur.

